



Turid Grov Glasskunst
Veråsvegen 46
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/368 - 14/22851

Saksbehandlar:
Øystein Sørhaug
Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no

Dato:
09.10.2014

Søknad om tilskot til bedriftsutvikling-/etablering for Turid Grov Glasskunst AS

Administrativt vedtak. Saknr:

Vedtak

Rådmannen støtter søkndaen frå Turid Grov Glasskunst AS med 40.000kr. 35.000kr skal takast frå næringsfondet, medan 5.000kr skal takast frå kultur.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Saksopplysningar/vurdering:

Turid Grov Glasskunst AS er ei nyetablert verksemd i Lindås kommune. Ho har til no hatt glasskunst-aktiviteten sin i Sandnessjøen, og kjem til å ha denne inntil vidare. I 12 år har Grov bygd opp si eiga verksemd, og sidan 2005 har ho jobba fulltid med glassfusing/ovnsforma glas. I 2008 etablerte ho eit aksjeselskap, då det vart naudsynt å tilsetja meir arbeidskraft.

Turid Grov er opprinnelig frå Lindås, og overtok i 2012 barndomsheim på Lindås. Her vil ho etablere glassverkstad, og etter kvart bygge opp lokal aktivitet og produksjon. Ho håpar og komme i gang med produksjon innan sommaren 2015. Ho har også signert målbedriftsavtale med Nordhordland Næringshage i Austrheim.

Noko av grunnen til at Grov ønskjer å etablere og byggja opp virksomhet i Lindås, er den positive utviklinga som skjer i/rundt Lindås-bygda.



Det starta for fleire år sidan, i samarbeid med andre kreative kulturformidlarar i regionen, bl.a. Elisabeth Tonheim i Heilt Originalt. Tonheim har det siste året vert prosjektleiar for «Lindåsbygda og slusene – frå oske til eld», og det prosjektet har arbeida for å samle bygda til felles aktivitetar for både nye og eksisterande innbyggjarar. Prosjektet vart tatt opp som assosiert medlem i LivOgLyst-programmet i regi av Hordaland Fylkeskommune. Prosjektet og prosjektleiar Elisabeth Tonheim søker no om ordinær programdeltaking i LivOgLyst. Prosjektet hadde følgjande prosjektmål:

- Leggje til rette for oppleving av slusene
- Synleggjere det unike bygda kan tilby
- Auke næringsgrunnlag for kulturaktørar og småverksemdar gjennom samarbeid med reiseliv
- Auke næringsgrunnlag for reiseliv gjennom å tilby nyskapande opplevingar

Prosjektet har vist gode resultat på måloppnåing, og arrangerte m.a. «verdas lengste sjømatbord» sommaren 2014. I det store og heile har dette prosjektet ført til meir positiv samarbeidskultur og det skjer spennande utvikling i Lindås-bygda frå dag til dag. Det er viktig for Lindås kommune å støtte opp om den positive utviklingslysta som skjer i Lindås-bygda i dag, og i framtida.

Kommunen har etterspurt ein uttale frå prosjektleiar «Lindåsbygda og slusene – frå oske til eld», og ho har skreve følgjande: (sjå vedlegg)

Næring har også etterspurt ein uttale frå kultureininga i Lindås kommune:

*Viser til søknad fra Turid Grov om tilskudd til etablering av glassverksted i Lindås kommune
I Kulturplan 2010-2020 heter det;*

Mål: Utvikle kulturprosjekt i samarbeid med reiseliv og næring

Tiltak: Stimulera til utvikling av tradisjonsnettverk og mattradisjoner

Turid Grov er en etablert glasskunstner født og oppvokst på Lindås, men i dag bosatt i Sandessjøen der hun driver glassverksted samt butikk/utstillingslokaler.

Grov har de siste årene samarbeidet med Elisabeth Tonheim, primus motor for Liv og lyst prosjektet på Lindås og eier av «Heilt originalt». De har samarbeidet bl.a om sjøutstillingen i Lindåsosene, der Grov her bidratt med verket «Fiskarkåno». Utgifter til verket er betalt av egen lomme.

Grov ønsker å etablere seg med glassverksted på Lindås. En slik etablering er i tråd med Kulturplan for 2010-2020 der Lindås kommune ønsker å legge til rette for etablering og utvikling av kultur- og næringsrelaterte tiltak. Gjennom Grov sin virkesomhet i Sandessjøen, har hun evnet å kombinere kunst og næring på en spennende måte, noe som også reiselivet i området har tjent på.

Grov vil være en ressurs i Lindåsbygden og i Nordhordland generelt gjennom å realisere egen bedrift innen kultur og næring. Andre som har tanker om slik etablering, kan søke råd hos en som har lang erfaring. Det igjen kan danne grunnlag for mange nye småbedrifter innen kultur- og næring.

Kultur støtter Turid Grov sin søknad med kr 5.000. Midlene belastes 13700 261 3770.

Grov har mykje erfaring frå kultur- og reiselivsutvikling frå andre stader i landet, og kommunen har stor tru på at ho vil vere eit verdifullt bidrag til fortsatt positiv samfunnsutviklingsarbeid i Lindås kommune. Ho har m.a. vert styremedlem i Helgeland Reiseliv. Dette er verdifull kompetanse som Lindås treng. Ho har også vist seg som ein solid bedriftsleiar med marknadsmessig forståing, og bygd opp verksemda si frå ingenting – til no og ha ein omsetnad på nesten 2mnok. Ikkje minst; ho er fagleg flink og respektert både innan kunst- og kulturformidling, produksjon av glasskunst og kunstproduksjon. Kommunen har stor tru på at

verkesemda finn ein lønnsam posisjon i marknaden, og at Turid Grov Glasskunst vil vere ei nyttig bedriftsetablering ift. det som skjer av god samsunnsutvikling i Lindås-bygda. Turid Grov Glasskunst søker om eit bidrag frå kommunen på 50.000kr. Investeringsbudsjettet til denne bedriftsetableringa-/utviklinga er på 275.000kr. Søkar skal finansiera investeringane med egenkapital, egeninnsats og banklån.

Med helsing

Hogne Haugsdal
ass.rådmann

Øystein Sørhaug
næringssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Uttaling Turid Grov Glaskunst

Kopi til:

Rekneskap v/Jorunn K Fosse

Mottakarar:

Turid Grov Glasskunst

Veråsvegen 46

5955

LINDÅS